

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 22.08.2007  
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Vibeke Vikse  
Saka gjeld: **Helseføretaka sitt arbeid for å sikre likebehandling – vidare prosess**

---

**Styresak 071/07 O** **Styremøte 05.09. 2007**  
**Administrerande direktør si orientering pkt 6**

---

Bakgrunnen for saka er den mye omtala "ambulansesaka" i Sofienbergparken i Oslo 6. august 2007. I etterkant av dette innkalte Statsråden styreleiar og administrerande direktør i alle regionale helseføretak til møte 14. august. Som ei oppfølging av dette møtet har Helse- og omsorgsdepartementet i brev dagsett 23. august bedt om tilbakerapportering frå RHFa innan oktober 2007. Brevet er vedlagt under skriv og meldingar.

Det vil i løpet av hausten 2007 vere ein prosess for inkludering og likeverdig behandling, i føretaksgruppa Helse Vest. Dette går på likeverdig behandling av pasientar og pasientgrupper, uavhengig av nasjonalitet, hudfarge, kjønn, sosial status med meir. Det er ei målsetjing for Helse Vest RHf at alle skal ha same rettar og mogelegheiter for god behandling, og at diskriminering ikkje skal skje.

Arbeidet med Helse 2020 har mellom anna lagt til grunn følgjande:

- Pasienten skal stå i sentrum for heile verksemda vår
- Brukarane skal erfare at Helse Vest oppfattar alle som likeverdige, og at vi møter mangfoldet i samfunnet på ein balansert og god måte

Innan utgangen av året skal vi ha ferdig heilskaplege etiske retningslinjer. Dette er eit arbeid som blei påbegynt våren 2007 i samarbeid med helseføretaka. Det føreligg mye godt grunnlag i helseføretaka og ein har derfor valt å trekke frem det beste frå det einskilde helseføretaket slik at dette kan nyttast på tvers av helseføretaka. Eit ledd i denne prosessen er såleis å få ein god oversikt og innsikt i det som allereie ligg føre.

I tillegg vart det halde ei samling for alle tillitsvalde og verneteneste, (konserntillitsvalde, føretakstillitsvalde og hovudverneomboda) i mai 2007, med hovudfokus på etikk og etiske utfordringar i spesialisthelsetenesta. Prosesspartner leia denne samlinga og mellom anna Alexander Cappelen, professor og leder for Senter for etikk og økonomi ved NHH, deltok i deler av samlinga med innlegg om "Etikk i helsetenesta". Temaet blei tatt vel i mot av deltakarane, og tilbakemeldingane var positive til at denne prosessen var sett i gang.

Det er ønskjeleg at dette viktige temaet blir tatt opp i direktørsmøtet, i alle styra i helseføretaka, i leiargrupsene og i møte med tillitsvalde. Helse Vest har tatt temaet opp med dei konserntillitsvalde. Ein føresetnad for å få dette til er at helseføretaka forankrar policy kring dette, og forsikrar seg om at verdigrunnlaget blir etterlevd, og ikkje minst at dette er eit tema som det blir fokusert på kontinuerleg i ulike samanhengar. Ein er avhengig av at helseføretaka set i gang prosesser som famnar om heile organisasjonen. Det er viktig at det blir lagt til rette for gode og sunne haldningar.

Det er lagt vekt på inkludering i fleire samanhenger, mellom anna i forbindelse med rekruttering. Alle helseføretaka har etablert ein felles policy:

*Helse ..... skal så langt som råd avspegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitiske mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnssamansetnad, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn.*

Administrerande direktør vil føreslå at med bakgrunn i at styret i Helse Vest blir orientert om saka, blir det sendt ut brev til alle helseføretak i Helse Vest, der dei blir bedt om å prioritere dette viktige arbeidet med å sikre at helsetenesta sine bærande verdiar om likebehandling blir etterlevd.